

# ÅRSMELDING

2014

FOR

(Sett inn logo her)

# Hognestad Idrettslag



# ÅRSMØTE 2015

Hognestad Idrettslag held årsmøte på Hognestad forsamlingshus  
mandag 2. mars kl. 19.30

## Sakliste:

1. Godkjenning av dei med røysterett.
2. Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereclar.
3. Val av:
  - a) møteleiar
  - b) referent
  - c) to representantar til å skrive under møteprotokollen.
4. Årsmelding
5. Rekneskap
6. Innkomne saker:
  - Bygging av nytt forsamlingshus/ klubbhus.
  - Endringar av organisasjonsplanen til HIL.
7. Kontingent
8. Budsjett
9. Organisasjonsplan
10. Val

Utdeling av blomar, diverse.

Me vil ut over dette minna om NIF si lov ved val/oppnemning sjå  
[www.idrett.no/tema/lover](http://www.idrett.no/tema/lover).

Med venleg helsing

Styret

# Årsmelding

## Rapport frå hovudstyret:

Styret har i 2014 hatt denne samansetjinga:

Leiar: Eyvind Time

Nestleiar/trim: Zofia Nedrebø

Kasserar: Lisa Seel

Sekretær: Karen Hognestad Liland

Turn: Hege Haugland Byberg

Fotball: Inger Marie Stensland

Styremedlem 1: Kristian Hognestad

Styremedlem 2: Per Jone Bakker

Vara: Jarle Skretting

Hognestad Idrettslag har hatt eit innhaldsrikt og godt år. Me hadde 226 aktive og 100 passive medlemmer i 2014. Av desse var ca. 157 turnarar og 49 fotballspelarar. I tillegg har idrettslaget eit trimlag for innebandy, me arrangerer idrettsmerketaking og turmarsjar. Me har hatt 11 styremøte og det er bokført 61 saker.

Ei av dei store oppgåvene me gjennomførte dette året var innføring av medlemsregistrering av Minldrett og grundig gjennomgang av medlemslistene. Me har rydda litt i bilag og rekneskapsføring, der me blant anna har fått Time rekneskapslag til å hjelpe med føringa.

Hognestad-dagen var den 23. august. Vêret var ikkje med oss i år, det hølja ned store deler av dagen. Det store teltet var sett opp for å husa Hognestadnåttå om kvelden, og me fekk opp eit telt til i samband med det store, slik at maten held seg tørr og lappane kunne steikast på vanleg vis. Det var fotballkampar der dei aldersbestemte laga våre fekk visa seg fram og me hadde tryllekunstnar som gjorde litt stas på dei yngste. Bygdacupen var ein blaut seanse, men laga var seriøse og sprang det dei kunne, og til slutt drog Haugland seiaren i land.

Festen om kvelden sørger dei Steinsland for. Det gjorde dei på ein skikkeleg måte. Mat frå slaktar Skretting, band og bar. Kan me ha det kjekkare? Haugland har lova ny fest i 2015, det gler me oss til.

Utanom denne dagen har HIL arrangert turnavslutningar, fotballavslutningar, St.Hans, , pølsepub med åresal og romjulspub med gløgg og spekemat. Alle med godt oppmøte og god stemning. På juleturnavslutninga var det over 500 stk i hallen. Tradisjonen tru var det grøt, saft og pepperkaker til alle. Etterpå var det tenning av julegran, gang rundt treet og nisse. (FAU stiller med tre, HIL med nisse). Fleire av ungane på turnen kjem frå Time, Klepp og Hå. Foreldra var imponerte over kor kjekk avslutninga var.

Forsamlingshuset er det neste me vil setje i gang med. Akkurat nå har me oppretta ein byggekomite som har begynt å sjå på ulike løysingar og plasseringar. Det blir kalla inn til bygdamøte for å luften dei ulike alternativa.

Ein stor takk må rettast til alle som har gått dugnad for idrettslaget. Under Jærdagshelga er det mange som stiller opp og går sine vakter. I tillegg til Jærnåttå har me ein dugnad for Volvo, der me sel mat og drikke på arrangementet. Dugnaden er både god reklame og verdifulle pengar for klubben, og me håpar at alle stiller på dugnad neste år óg.

Lubrinor ved Kjell Hognestad har spona det eldste turnpartiet med 10 000 kr i tre år. Det kjem godt med for turnarane våre. Me vil og takka Stensland & Byberg og Depro for at dei spona elleveåringane sine flotte nye oransje shortsar. Me har oppnådd det me ønska og fått oransje shortsar til alle. Ungane fekk og kvar sin genser med sponsorar på slik at dei var like på kampane. Hognestad har blitt oransje og brune att, slik dei var når idrettslaget blei danna.

Mange timar er lagt ned for at barna som går på turn og fotball skal få trene, kjenna seg medrekna og bli sett. Styret vil retta ei stor takk til alle trenarar, medlemmar i dei ulike utvala og foreldre og barn som vel Hognestad som sitt idrettslag.

Til slutt takkar me annonsørar, sponsorar og alle andre som på ein eller annan måte har støtta opp om idrettslaget vårt. Me håpar på eit godt samarbeid vidare og oppmodar alle medlemmane våre til å kjøpa varer og tenester som dei kan tilby.

Takk for i år!

-Styret-



## Turngruppa



(Alle turnarane som hadde oppvisning under årets juleoppvisning.)

Medlemstalet er ganske stabilt og per 31.12.2014 hadde me 128 medlemmar av desse er 12 trenarar.

<u>Parti</u>	<u>Antall</u>	<u>Trenere</u>
Foreldre og Barn	5	Rullerer blant foreldrene
3 – 4 år	40	Elisabeth Steinsland, Andrea Berge, Malin Paulsen, Elida Paulsen Salte
5 – 6 år	26	Mari Steinsland, Kaia Fosse, May Hege Lye
7 – 9 år	37	Malin Paulsen, Elisabeth Steinsland, Anders Fløysvik, Jens Haugland, Morten Sivertsen.
10 – 13 år + konkurransgruppe	41	Henrik Samuelsen, Mike Andre Kristiansen, Hege Haugland Byberg,

År 2014 gjekk fort, men turnarane har trent godt, og fått vore med på ulike arrangement og oppvisingar.

I april arrangerte Henrik Samuelsen og Mike André Kristiansen treningshelg med overnatting for 10+ partiet. Dette var stor suksess.

Då mai kom var det tid for 17.mai tog og ikkje minst Barnas turnfestival. Ein god gjeng tok turen til Varhaug for å trena, og ha det sosialt i lag. Dette er alltid like kjekt kvart år. Vil oppmoda alle 7- 12 åringar til å vera med på dette i år 2015.

Sommaravsluttinga i juni hadde kjempe godt oppmøte. Med nye innslag som sal av frukt smoothis, fruktbeiger og mange flotte oppvisningar, blei dette eit vellukka arrangement. Gildt å sjå at bygda og alle utanfor kjem og støttar opp om turnen på Hognestad.

Hausten kom og ny turnsesong starta. Godt at me fekk trenarkabalen til å gå opp i år og. Mange nye turnarar kom, både frå Orre, Bryne osv. Kjekt å sjå at så mange trivs på Hognestad.



I november arrangerte Henrik Samuelsen og Mike Andrè Kristiansen ei ny treningshelg. Denne gong med overnatting kun for dei største turnarane. Trening og godt drøs langt ut i lange nattetimar er gildt.

Til slutt kom 1.søndag i advent, den tradisjonsrike juleoppvisninga med tenning av juletre, nissebesøk og flotte turnoppvisningar i frå alle parti.

3-4åringen fikk vist fram alt dei hadde øvd på. Gildt å sjå kva desse små får til.



5-6 åringane hadde flott oppvisning med stilige pyramidar til slutt



7-9 åringane eit kjempe stort parti. Flott å sjå på disiplinerte rekkjer og flinke turnarar.



Til slutt kom det tre oppvisningar frå 10+ partiet, med dei minste først.



(En større rekrutt tropp.)

Mellomste ein solid tropp.



(Strakt overslag på pegasus.)

Til slutt toppa det seg med dei største som fekk mange til å holda pusten.



Tusen takk for eit flott turnår! Takk for innsatsen som alle trenerane legg ned.





## Fotballgruppa

### Gutar og jenter 6 år:

Det må vera lov å seia at det er bra rekruttering på Hognestad, når 80 prosent av adle 1.klassingane i fjor bestemte seg for å spele fotball. I byrjinga av september, møtte dei stolt opp til si fyrste fotballtrening. Dei fekk med seg to turneringar på hausten, både Bendit-Cup i Egersund og Havdurknotten på Tjelta. Entusiasmen er der definitivt, både hos spelarane og trenarane, men heldigvis også i heiagjengen.

Me har trena kvar onsdag inne i hallen i vinter, både oppmøte og læreviljen har vore upåklageleg. Me trener på å verta enda betre venner med ballen, samt å auka fotballforståinga. Me gler oss allereie til dei fyrste kampene på Grønt Gras turneringa 25-26. april.

Jette Bang Hagensen og Tone Steinsland vert hovudtrenarar for laget i 2015, men dei er veldig glade for at Håvard Braut har takka ja til å være med å trene laget ved behov. Jette planlegg å ta NFF sitt trenerkurs i løpet av året, slik at ho får C-lisens - Barne -og ungdomstrener. Tone tok dette kurset i november på Bryne.

Jette & Tone



## Gutar og Jenter 7

Gutar og jenter 7 har hatt ein god sesong i 2014. Fleire spelarar har kome til og me er no 11 ivrige spelarar på laget. Me starta opp med turneringa Grønt gras på Frøyland. Det var ein fantastisk dag med sommarver og glade ungar. Me har spelt seriekampar mot seks ulike lokale lag. Ungane har hatt ei god utvikling og har lært mykje dette året. Dei har trent kvar måndag og spelt kampar onsdagar. Foreldre, sysken og besteforeldre har våre ivrige på sidelinja og heia dei fram. Takk til alle foreldre som har våre med på å dømme heimekampane våre. Fotballsesongen blei avslutta med innandørs turnering i Dysjalandshallen lørdag 8. november. Det var ei gild oppleving, sjølv om me var mange spelarar til bare å stilla med eitt lag. Me ser i ettertid at me kunne meldt på to lag, slik at spelarane kunne fått meir speletid på banen. Nå har me starta opp igjen med treningar inne i hallen onsdagar 18-19. Trenarar og oppmenn skal snart ha eit møte for å planleggja ny sesong til våren. Takk til Eirik og Ingve for gode og innhaldsrike treningar både ute og inne i sesongen 2014. Me vil også takka HIL for den fantastiske avslutninga på Leos lekeland i oktober, ungene storkosa seg! Håper på ein like bra sesong i 2015 med ny læring, god innsats og glade fotballspirer!

Ann Iren Nordås Steinsland



Bak frå venstre: Nikolai Nordås Steinsland, ?, Fynn Andre Van Der Hagen, Erik Hinnaland, ?, Eduardo, Leah Steinsland Mapfumba, Eli Rosseland Salte. Ikkje med på bilete: Vegard Stokka Andersen og Vette Jess.

## Gutar og jenter 8 og 9 år

Me starta trening i hallen tidleg i januar samann med 7 åringane, då me ofte delte hallen i to og brukte kvar vår side. Med 12 spelarar i denne årsklassen valte me å melde opp to lag i serien. Tommy Hognestad Liland og Odd Bjørn Haugland tok ansvar for kvart sitt lag på kampane. På treningane har trenarane delt på treningsdagane både ute og i hallen, gjennom heile sesongen. Nå på hausten har me hatt eigne treningstider inne i hallen og får disponert heile plassen.

Målet er å delta på tre turneringer gjennom året, ein på våren og to etter sommaren. I 2014 deltok vi på Grønt Gras på våren, med strålende sommarvêr. Me var med på Kiwiknotten på Bryne i haust med øse pøse regn. I Slutten av september deltok me på Bendit cup i Egersund, alltid ei vellukka turnering. Til slutt avslutta me sesongen med innandørs turnering i midten av November på Tjelta. Fleire av desse arrangementa har spelarane delteke på før, og er positive turneringer som spelarane gler seg til å delta på.

Sesongen 2013 blei avslutta med merketaking av Minimerket 1. Me hadde avslutningskveld på Leos lekeland med pizza og juice.

Ønsker å takke foreldre som er med å køyrer rundt på barna sine og er positive og heiar opp barna til å stå på uansett. Dette gjer fotball til ein sosial og kjekk idrett.

Me sjåast på trening!

Inger Marie Stensland

Tommy Hognestad Liland

Odd Bjørn Haugland



F.v Thomas Hegdal, Markus Stensland, Johan Haugland, Henrik Vigre, Oddvar Haugland, Eigel Steinsland Hognestad, Gard Ødegård, Marius Mauland, Ida Hognestad Liland, Mathilde Stokka Andersen (Ny 2015).  
Trener: Odd Bjørn Haugland

Ikkje tilstades: Mina Erga, Kristoffer Friestad, Andreas Time.



## Gut 11 år

Denne sesongen har det vore ein stabil og god gjeng som har møtt til treningar saman med Håvard Braut og Bjørn Erga. Det har vore ein miks av 11 og 12-åringar. Gutane har vore melde på i 11-årsklassen då det har vore eit fleirtal av dei. Dei hadde fast trening 2 gonger i veka. Den eine treninga vart leia av Håvard Braut og Bjørn Erga. Den andre treninga hadde foreldra ansvar for. Me spelte 15 kampar i serien og me deltok på 3 turneringar. Desse spelarane har vore med: Tore Mauland, Ådne Sørmarken Rusdal, Kristians Kanders, Herman Gausland, Morgan Haugland, Sven Olav Lye, Olav Haugland, Kristian Hognestad Liland, Tor Bjarte Aase, Eiliv Time, Kristoffer Erga, Jakob Stokka Andersen

Kathrine Haugland



Bak frå venstre: Kristoffer Erga, Tor Bjarte Aase, Lyder Braut, Olav Haugland, Kristian Hognestad Liland, Sven Olav Lye.  
Framme frå venstre: Kristians Kanders, Eiliv Time, Jacob Stokka Andersen, Morgan Haugland, Tore Mauland og Ådne Sørmarken Rusdal. Ikkje med på bilete: Herman Gausland.



## Innebandy

Torsdager mellom 20:00 – 21:30 er tida inne for å ta igjen all trening som er forsømt den siste veka. Sidan denne tida i fjor, har seriøsiteten bare auka på, og nå har me begynt med noko ein mest kan kalla felles oppvarming før start. Mange av oss er jo godt vaksne karar, som kanskje ikkje er så gode til å hugsa mange reglar. Den nye regelen me innførte i fjor, der det er ulovleg med høg kølle, har begynt å setje seg hos dei fleste. Nokre slit nok litt enda med å hugse regelen

Nokre nye sjeler har kome til det siste året, dei blir for det meste brukt som «rundingsbøjer». At det går hardt for seg er nok å ta hardt i, men nokre ribbeinsbrudd har det blitt i løpet av året. Det blir for småplukk å regne når så mange eksplosive mannfolk er samla på same bane.

Denne kjernesunne gjengen kjem alle til å leva altfor lenge grunna stålkondis og andre biverknadar av iherdig innsats i hallen kvar torsdag.

Hugs at alle mannfolk over 18 år er hjarteleg velkomne på innebandytrening i hallen **torsdager 20:00-21:30**.

Tommy Hognestad Liland



Bak frå venstre: Magnus, Jan Arild, Arild, Jon Garman, Sveinung, Kristian.  
Framme frå venstre: Jon, Oddvar, Fredrik, Morten.

## **Idrettsmerket**

I løpet av 2014 har det vore idrettsmerkeprøvar i mai og august.

Det var 8 sprekingar som tok idrettsmerket i 2014. Eg er usikker på kor mange det har vore før, men synast at dette er litt lite. Me må prøva å satsa litt på dette i 2015 for å få fleire til å møta opp. Dette kan bli ein sosial samankomst for store og små. Eg skal prøva å få kjøpt inn litt utstyr, å få tillrettelagt litt betre nede på banen, så skal me nok klara å lokka Hognestbuane ut av sofaen.

Zofia Nedrebø

## **Marsjgruppa**

Marsjgruppa har arrangert to marsjar i 2014. 36 deltok på sommarseriemarsjen 30. mars. Lykkemarsjen blei arrangert 17. august og hadde 72 startande marsjdeltakarar. Dei vanlege marsjdeltakarane var på Prahatur, så det var veldig mange frå Hognestadkrinsen som gjekk. Det er enda litt for, få så det må folk i bygda gjere noko med i 2014.

Me er godt nøgde med arrangementa og oppmodar alle til å ta seg ein marsj i ny og ne.

Marsjgruppa ved Geir Steinsland



## **Banekomiteen**

Grasbanen på Hognestad har vore veldig fin i 2014. Mykje fint vær og passe med regn samt at banen ikkje blir "transla" når han er for blaut.

Banen blir for det meste brukt av Hognestad sine lag, men også nokre frå Bryne. Banen har i løpet av året blitt både løfta og dressa med fin sand. Takk for godt arbeid av Torbjørn og co.

Så til det som ikkje er så godt. I fjor skreiv eg at me skulle prøva å fikse opp utearealet. Me har saga ned nokre tre mot byggefeltet, men det har ikkje blitt gjort noko med løpebanen. Det synt seg at forholda var verre enn me først trudde. Me må fiksa dreneringa først og det må skje fort. Så får ein håpe på at ein får til noko med løpebanen også. Har god dialog med kommunen.

Håvard, Jarle og Ola, alle med etternavn Haugland

## **Hognestad forsamlingshus**

Faste leigetakarar av forsamlingshuset har for 2014 vore Vibå 4H, Hopp og Spret, Marsjen og Swingen. Idrettslaget har også nytta huset til diverse møte og to kjekke pubar. I tillegg har huset blitt leigd av private frå krinsen til litt forskjellig.

Kontaktperson for leige av huset har vore underteikna, og det vil det være også neste år. Vask av huset er inkludert i leiga, og me har ein fast person som regelmessig har teke seg av dette.

Styret i idrettslaget ved Kristian Hognestad

## **Verv 2014**

Leiar: Eyvind Time  
Nestleiar/Trim: Zofia Nedrebø  
Kasserar: Lisa Seel  
Sekretær: Karen Hognestad Liland  
Turn: Hege Haugland Byberg  
Fotball: Inger Marie Stensland  
Styremedlem 1: Kristian Hognestad  
Styremedlem 2: Per Jone Bakker  
Varamedlem: Jarle Skretting

### **Bladstyret:**

Tom Hetland  
Torbjørn Jess  
Jorunn Erga Steinsland  
Lodve Haugland

### **Husstyret:**

Kristian Hognestad  
Torbjørn Jensen

### **Revisor:**

Grethe Ohma  
Odd Grødem

### **Banekomite:**

Ola Haugland  
Jarle Haugland  
Håvard Haugland

### **Marsjgruppa:**

Geir Steinsland  
Steinar Paulsen  
Sonja Skårland  
Heidi Line  
Geir Fosse

### **Materialforvaltar:**

Elin Haugland

### **Ansvarleg for bua:**

Anne Oftedal

### **Annonseansvarleg:**

Bjørn Erga

### **HIL sin representant i 17. maikomiteen:**

Inger Oma Hamre

### **Valkomiteen:**

Sveinung Paulsen  
Jon Line  
Linda Ohma



## Rekneskap /Budsjett

### RESULTAT 2014

	<u>Noter</u>	<u>2014</u>	<u>2013</u>	<u>Budsjett 2015</u>
<b><u>Inntekter</u></b>				
Salgsinntekt	1,3	369 631	284 044	310 000
Offentlig tilskudd, refusjon	4	143 838	119 374	110 000
Leieinntekt		13 760	4 900	9 000
Medlemskontingent		112 450	90 830	100 000
Inntekt Idrett	5,6	26 111	39 690	25 000
Sum driftsrelatert inntekt		<b>665 789</b>	<b>538 838</b>	<b>554 000</b>
Renteinntekter		35 754	33 738	30 000
<b><u>Sum Inntekter</u></b>		<b><u>701 544</u></b>	<b><u>572 576</u></b>	<b><u>584 000</u></b>
<b><u>Kostnader</u></b>				
Innkjøp av varer, tjenester		67 753	5 896	60 000
Varer for videresalg	6	24 000	0	0
Lønn trenere / vaskehjelp		91 503	67 312	100 000
Mva		0	37 264	0
Elektrisitet		14 846	15 430	15 000
Kostnader forsamlingshus		7 280	7 958	8 000
Idrettsutstyr	9	56 029	17 724	20 000
Reparasjon & vedlikehold	6,7	92 396	62 904	100 000
Regnskapshonorar	8	19 639	0	25 000
Kontorrekvisita, trykksaker, ...		39 366	42 732	40 000
Porto		4 422	4 154	4 500
Reklamekostnad, annonser		2 733	4 938	5 000
Kontingenter, lisenser, gaver		65 875	51 400	65 000
Forsikring		27 011	26 118	28 000
Annen kostnad		210	44 562	500
Endring avsetning for forventet tap	11	4500	0	0
Planlegging ny forsamlingshus		0	0	100 000
<b><u>Sum Kostnader</u></b>		<b><u>517 563</u></b>	<b><u>388 392</u></b>	<b><u>571 000</u></b>
<b><u>Årsresultat</u></b>		<b><u>183 981</u></b>	<b><u>184 184</u></b>	<b><u>13 000</u></b>

## BALANSE 31.12.2014

	<u>Noter</u>	<u>2014</u>	<u>2013</u>
<b>EIENDELER</b>			
Kundefordringer	1,10	37 950	0
Andre fordringer	1,11	2 896	0
Bankinnskudd		1 636 903	1 435 228
<b>Sum eiendeler</b>		<b>1 677 749</b>	<b>1 435 228</b>

### EGENKAPITAL OG GJELD

#### Egenkapital

Opptjent egenkapital	2	1 417 954	1 233 769
Udisponert resultat		183 981	184 185
<b>Sum egenkapital</b>		<b>1 601 935</b>	<b>1 417 954</b>

#### Kortsiktig gjeld

Leverandørgjeld		25 936	0
Skyldige offentlige avgifter		49 878	17 274
<b>Sum gjeld</b>		<b>75 814</b>	<b>17 274</b>

<b>Sum egenkapital og gjeld</b>		<b>1 677 749</b>	<b>1 435 228</b>
---------------------------------	--	------------------	------------------

#### Styret Hognestad Idrettslag:

Eyvind Time

leder

Eyvind Time

Karen Hognestad Liland

sekretær

Karen Hognestad Liland

Kristian Hognestad

styremedlem 1

Kristian Hognestad

Zofia Nedrebø

nestleder

Zofia Nedrebø

Hege Haugland Byberg

styremedlem turn

Hege Haugland Byberg

Per Jone Bakker

styremedlem 2

Per Jone Bakker

Lisa Seel

kasserer

Lisa Seel

Inger Marie Stensland

styremedlem fotball

Inger Marie Stensland

#### Revisorer:

.....  
Grethe Ohma  
Sted: .....

.....  
Odd Grødem  
Dato: .....

## **Noter til regnskapet:**

### **Note 1:** Regnskapsprinsipper

2014-regnskapet følger kalenderåret.

Regnskapet er ført etter Regnskaps- og revisjonsbestemmelser for små organisasjonsledd tilsluttet Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité vedtatt av Idrettsstyret 28.11.2007.

Inntektsføring ved salg av varer og tjenester skjer ved leveringstidspunktet.

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap er gjort på grunnlag av individuell vurdering av de enkelte fordringene.

Ingen varige anlegg er oppført i balansen. Verdien skal ifølge regnskapsbestemmelsene til NIF ikke settes høyere enn den gjeld som er knyttet til anlegget, dvs. null.

### **Note 2:** Korrigeringer

Annen egenkapital for 2013 ble endret fra kr 1126795,24 til kr 1233769.

### **Note 3:** Salgsinntekt

<b>Salgsinntekt</b>	<b><u>2014</u></b>	<b><u>2013</u></b>
Salgsinntekt høy sats	32 000	14091*
Salgsinntekt pub	41 956	
Salgsinntekt reklame	172 400	173 190
Dugnadsinntekt avg. pl.	73 701	0
Uttak av varer	16 946	0
Salgsinntekt egne arrangement	12 682	96763*
Salgsinntekt bu	19 946	0
<b>SUM</b>	<b><u>369 631</u></b>	<b><u>284 044</u></b>

\* Ny fordeling av inntektene i 2014.

### **Note 4:** Tilskudd

	<b><u>2014</u></b>	<b><u>2013</u></b>
Tilskudd NIF	126 850	82 988
Div. tilskudd / grasrotandel	14 044	16 387
Rabatt på frukt (BAMA)	2 944	0
Andre tilskudd	0	20 000
<b>SUM</b>	<b><u>143 838</u></b>	<b><u>119 374</u></b>

### **Note 5:** Inntekt Idrett omfatter følgende:

- Egenandel Barnas Turnfestival
- Inntekt oppvisning turn
- Turmarsj

### **Note 6:** Varer for videresalg

Idrettslaget har kjøpt stoler og bord til hallen. FAU har kjøpt en andel (kr 24000).

Resterende betalte idrettslaget (kr 16652,00).

**Note 7:** Reparasjon og vedlikehold omfatter følgende

- bilhenger til bord og stoler
- bord og stoler til hallen (se note 6)
- lys til ballbingen
- diverse (ny mikrofon, nøkler, ...)

**Note 8:** Regnskapsfører

Vi har brukt en ekstern regnskapsfører til å lage regnskapet for 2014: «Time Rekneskapslag»

**Note 9:** Idrettsutstyr:

- turn: jakker til trenere, trampoline
- fotball: utstyr (hjul til fotballmål, ...), jumper til spillerne (med reklame)
- diverse: pilatesmatten, isposer, ...

**Note 10:** Fordringer

Kundefordringer inkluderer både fordringer mot sponsorer og noen som har lånt forsamlingshuset. Andre fordringer gjelder medlemmer.

**Note 11:** Avsetning tap på fordringer

Etter en vurdering av kundefordringene har vi avsatt 4500 kroner for tap på fordringer.

**Note 12:** Medlemmer

Per 31.12. var det 334 medlemmer.

Medlemskontingenten for 2014:

- Foreldre & Barn:       kr 350 (Barnet blir regnet som medlem)
- Barn:                   kr 450
- Voksen:               kr 600
- Styre / Trener:       kr 30
- Støttemedlem:       kr 200



## **Innkomne saker**

1. Endringar av organisasjonsplanen til HIL.
2. HIL vedtek planlegging av nytt forsamlingshus/ klubbhus på ny eller gammal grunn i samband med grasbanen, slik at huset er meir brukarvenleg i HIL.

### **Ad.pkt. 1 Endringar av organisasjonsplanen til HIL.**

Det viser seg at oppgåvene til nokre av styreverva er for store og omfattande pga krav frå Noregs idrettsforbund. Me i styret har vedteke å fordele arbeidsmengda i undergrupper for turn, fotball og marknadsavdelingen.

### **Ad.pkt. 2. Nytt forsamlingshus/ klubbhus**

Styret i HIL har vedteke at me må gjere noko med klubbhusfasalitetane. Det gamle er i dårleg stand og lite formålsteneleg. Forslaget er nå at me skal byggja nytt i nærleiken av grasbanen. Då vil me få garderobe- og toalett som har vore eit sakn. Det vil og vera ein samlingsstad for heila bygda. I samband med byggekomiteen, når styret har innstilt til endeleg løysing må det kallast inn til ekstraordinært årsmøte.

## **Kontingent**

I dag er kontingenten 350 kr for Foreldre/barn (Her blir barnet rekna som medlem), Barn under 18 år 450 kr, Vaksne 600 kr og Støttemedlem 200 kr.

Styret sitt forslag til ny kontingent er å auke til 400 kr for foreldre/ barn, barn under 18 år til 500 kr, vaksne til 650 kr og støttemedlem til 300 kr. Styremedlemmer og trenarar skal betala vanleg kontingent og få kompensasjon for dette beløpet seinare.

## Val

### Valkomiteen si innstilling til årsmøtet 2014

Leiar:	Eyvind Time	attval	1 år
Nestleiar/Trim:	Zofia Nedrebø	ikkje på val	1 år igjen
Kasserar:	Lisa Seel	ikkje på val	1 år igjen
Sekretær:	Karen Hognestad Liland	attval	2 år
Turn:	Hege Haugland	ikkje på val	1 år igjen
Fotball:	Inger Marie Stensland	attval	2 år
Styremedlem 1:	Kathrine Mauland	ny	2 år
Styremedlem 2:	Per Jone Bakker	ikkje på val	1 år igjen
Varamann:	Jarle Skretting	ikkje på val	1 år igjen

### Annonseansvarleg:

Kjetil Friestad	ny	2 år
-----------------	----	------

### Bladstyret:

Tom Hetland	ikkje på val	1 år igjen
Irene Paulsen Salte	ny	2 år
Jorunn Erga Steinsland	attval	2 år

### Revisor:

Grethe Ohma	ikkje på val	1 år igjen
Odd Grødem	attval	2 år

### Marsjgruppa:

Geir Fosse	attval	2 år
Heidi Line	attval	2 år
Geir Steinsland	ikkje på val	1 år igjen
Sonja Skårland	ikkje på val	1 år igjen
Steinar Paulsen	ikkje på val	1 år igjen

### Materialforvaltar:

Elin Haugland	tek ansvar i 2 år	-1 år igjen
---------------	-------------------	-------------

### Ansvarlig for buå:

Anne Oftedal	tek ansvar i 2 år	-1 år igjen
--------------	-------------------	-------------

### Banekomite:

Ola Haugland	utnemnd av kommunen
Jarle Haugland	utnemnd av kommunen
Håvard Haugland	utnemnd av kommunen

### Valkomite:

Jon Line	ikkje på val	1 år igjen Sveinung
Paulsen	attval	2 år

# ÅRSMØTE HOGNESTAD IDRETTSLAG

3. mars 2014 kl.20.00 på Forsamlingshuset

18 stk møtte

3. Godkjenning av dei med røysterett.

Alle hadde røysterett.

4. Godkjenning av innkalling, saksliste og møtereclar.

Godkjent.

3. Val av:

a) møteleiar: Kjetil Friestad

b) referent: Karen Hognestad Liland

c) to representantar til å skrive under møteprotokollen: Sveinung Paulsen og Jon Line.

11. Årsmelding: Karen las opp rapport frå styret, Kristina fortalde litt om kva som har skjedd i turnen dette året. Korreksjon av årsmelding: trenar 3-4 år, Malin Paulsen, det er 159 medlemmer i turnen og 9 av desse er trenarar. Eyvind fortalde frå fotballen. Marianne fortalde om kva damene gjer på pilates, både med og utan instruktør. Kjetil summerte opp årsmeldinga. Årsmeldinga er godkjent.

12. Rekneskap. Magne la fram rekneskapet. Idrettslaget har eit overskot på 538 838 kr. Godkjent.

13. Inkomne saker:

- HIL vedtek nytt administrasjonssystem i henhold til idrettstingets vedtak. Nytt administrasjonssystem godkjent.

14. Kontingent

Kontingenten er den same: 350kr for foreldre/ barn (her blir barnet rekna som Medlem), 450kr for barn under 18 år, vaksne 600kr og støtte medlem 200kr. Godkjent.

15. Budsjet

Magne orienterte. Godkjent.

16. Organisasjonsplan. Godkjent.

17. Val

Jon Line la fram valkomiteens si innstilling. Desse blei klappa inn: sjå under verv.

Valnemnda sitt forslag om utfasing av husstyret blei vedteke. Det nye styret må leggja fram forslag til ny organisasjonsplan til neste årsmøte.

## Diverse:

Styret delte ut blommar til dei som gjekk ut av hovudstyret; Magne Hognestad, Kristina S Hamre, Marianne B Erga, Kjetil Friestad og Tore Steinsland. Tusen takk for god innsats.

Ref. Karen